



Det vert skikkeleg stemning når Hans Gustav, Reidar og Kristian drar i gong allsongen!

Som vi gjorde kjent i går, vert det Allsong i sjøkanten på laurdag. Systrene Nilsen har sagt at det kan vera i deira lokale slik som tidlegare år, og derfor vert det ikkje flytta til teltet i båthamna slik vi skreiv i går. Det vert på Systrene Nilsen laurdag kl. 16.00, og Kristian Bringedal, Reidar Myklebust og Hans Gustav Mussland leiar det.

Programmet vert som vi skreiv i går med vekt på 60-talsslagerar og ein kjekk quiz som i Beat for beat. Arrangørane set også pris på om einkvan stiller med bidrag, enten det er musikk, artig opplesing eller anna.

Når det gjeld mat, vert det ei gledeleg endring i høve til det vi skreiv i går. Karoline Neset stiller med kaffi og vafler. For å gjera det enkelt er dette inkludert i inngangsbilletten som er hyggelege 50 kroner.

Då er det berre å håpa på godt oppmøte frå både bygdafolk og tilreisande. Dette vert ei skikkeleg trivleg ettermiddagsstund.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen